



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



tru

håp

“Lat ikkje hjartet dykkar uroast!
Tru på Gud
og tru på meg!
I huset til Far min
er det mange rom.”

Johannes 14.1-2

kjærleik



Trusopplæring

14-15 ÅR

“Konfirmant - Eg, Guds medarbeidar”

Hareid Kyrkjelyd 2022/23



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt



VELKOMEN TIL KONFIRMANTFØREBUING



Konfirmasjonstida har samlingar gjennom 9 månadar der ein går igjennom og reflekterer over hovudelementa i den kristne trua. På konfirmasjonsdagen er det ei forbønshandling for den einskilde.

Dette er ein del av kyrkjelyden si trusopplæring der vi tek ansvar for det løftet vi gav saman med foreldra og fadrar ved døypefonten.

Undervisninga vil foregå på fleire måtar; vi legg opp til 3 basisgrupper, som møtast enten ons/tors ettermiddag, eller i mindre interessegrupper.

Plan for dette vert sendt ut før skulestart.

Du er velkomen til førebuing sjølv om du ikkje er døypt, men for å bli konfirmert må ein vere døypt.

**Påmelding for året 22/23 vert i gudstenesta i kyrkja
søndag 12.juni kl.11.00**

Du melder deg på ved å levere slippen i denne foldaren ferdig utfylt og underskriven, i kyrkja 12.juni.

Dersom du er døypt i eit anna kyrkjesamfunn må du levere kopi av dåpsattest. Om du ikkje kan møte på denne dagen, må du sende/levere slippen til kyrkjekontoret seinast 15.juni. **(Men registrering med ynskje om konfirmasjonsdag startar ikkje før 12.juni)**

MOT - HENSYN - RESPEKT

Dette skal prege året i undervisning og handling. Dette skal vi alle øve oss i å leve etter, å vise kvarandre respekt i alt vi gjer og ta hensyn til kvarandre. Det krever mot å vise dette, og krever mot for å seie nei til dei ein ikkje skal gjere. Det er ei forutsetning for konfirmasjon at alle følger førebuinga innanfor dei planar og reglar som vert gitt.

Undervisningsåret

Første samling er same veka som skulen startar etter ferien. Det vert leirdøgn på Kjeldsund i løpet av første helga i sept. (delt i to grupper)

Alle skal møte på 8 gudstenester før påske.

Det vert ulike samlingar både før og etter jul; undervisning, konflaurdag, gudstenester, tenesteoppgåver mm.

**Samtalegudsteneste er søndag 30.april
Konfirmasjonshelga er 13. og 14.mai 2023**



Nytt av året er at vi saman skal førebu og framføre ein musikal!

Du må velge om du vil vere i band, kor, solist, lage kulisser, kostymer, teknikk (lyd/lys/scene), skodespelar m/replikkar. Tenesteoppgåver foregår i ulike mindre grupper; hjelpe til i truopplæringa f.eks.leir eller tårnagent. Bake på kyrkjelydshuset til ulike arr., loddsal eller tombolahjelp på ulike arr. I kyrkja treng vi hjelp på gudstenester og andre samlingar til å styre lyd, PP, streaming osv.

Kostnader:

Vi ber om eit bidrag på kr.1800,- for kvar konfirmant. Dette er til dekning av ulikt undervisningsmateriell/mat/opphaldet på Kjeldsund. Faktura vert tilsendt på epost.

Kontakt oss:

Har de spørsmål vedrørende opplegget så ta kontakt. Hareid kyrkjekontor: 70 09 51 30 / sms: 92 09 01 74 e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

Påmelding - Konfirmantundervisning 2022/2023

Namn:.....mob til konf.....

Eg tillet at det kan takast bilete som blir publisert utan namn., og kunnigjort namn i avisa før konf.dag

Det som **ynskjer konfirmasjon laurdag** må krysse her _____

Endeleg fordeling av konfirmasjonsdagar vert lagt fram på foreldremøte i januar.

Musikal ynskje: kor solist skodespel teknikk kullissa kostymer band

Set 2 kryss for tenesteoppgåve: hjelpeleidar i trusoppl. loddsal/basar bake tekniskar på gudst

.....

.....

Signatur konfirmant

Signatur føresette

e-post adresse føresette: _____

e-post adresse føresette: _____